



MØTEPROTOKOLL ELDRERÅDET

Møtedato: 23.09.2020
Møtestad: Kommunestyresalen, Heradshuset
Møtetid: 12:30 - 15:30

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Heidi Rongved	AP	Utvalseiar
Agnar Sellevold		Nestleiar
Mona Grenasberg	SV	Medlem
Ragnhild Margrethe Falch Vatile		Medlem
Anna Bruvik		Medlem

Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær og kommunalsjef helse og omsorg

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
08/2020	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
09/2020	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
10/2020	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
11/2020	REFERATSAKER OG MELDINGAR
12/2020	STATUS IMPLEMENTERING AV VELFERDSTEKNOLOGI - ORIENTERINGSSAK
13/2020	MARKERING AV ELDREDAGEN 2020
14/2020	KLART SPRÅK I VEDTAK



Vaksdal kommune



08/2020: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldrerådet 23.09.2020

Behandling:

ELD - sak 08/2020 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

09/2020: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Eldrerådet 23.09.2020

Behandling:

ELD - sak 09/2020 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

10/2020: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Eldrerådet 23.09.2020

Behandling:



Kommunalsjef Solrun Hauglum orienterte om status for bygg helse og omsorg, nybygg på Jamnetomta.

ELD - sak 10/2020 Vedtak/Tilråding:

Saka vert teke til orientering.

11/2020: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Eldrerådet 23.09.2020

Behandling:

Under gjennomgang av referatsakene som gjaldt "Leve hele livet" og aldersvenleg samfunn, kom det ønske om tettare samarbeid med styra i pensjonistlaga i kommunen og forslag om å invitera til felles møte. Totalt kan det dreia seg om 20 personar. Eventuelt kan ein velja 2-3 personar frå kvart styre for å redusera tal deltakarar, noko som vil gjera det lettare å arrangera fellesmøte i samsvar med smittevernreglane.

ELD - sak 11/2020 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering. Eldrerådet har som mål å arrangera felles møte med styra i pensjonistlaga i kommunen, fortrinnsvis før nyttår.

12/2020: STATUS IMPLEMENTERING AV VELFERDSTEKNOLOGI - ORIENTERINGSSAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for Levekår tek saka til orientering.

Levekårsutvalet 16.09.2020

Behandling:

Kommunalsjef for helse og omsorg Solrun Hauglum orienterte om saka.

Utvalet drøfta saka.

Samrøystes vedtak.



LEV - sak 23/2020 Vedtak/Tilråding:

Utval for Levekår tek saka til orientering.

Eldrerådet 23.09.2020

Behandling:

ELD - sak 12/2020 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet tek saka til orientering. Rådet er nøgd med overgangen til e-lås og meiner det virkar som ei trygg ordning.

13/2020: MARKERING AV ELDREDAGEN 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet vil markera Eldredagen 2020 på følgjande vis:

Eldrerådet 23.09.2020

Behandling:

ELD - sak 13/2020 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet vil markera Eldredagen 2020 på følgjande vis: Det vert servering av kaker på institusjonane og dagsentra, og det vert underholdning dersom det kan arrangerast i tråd med smittevernreglane.

14/2020: KLART SPRÅK I VEDTAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet har følgjande innspel til språk og tekst i vedtak:

Eldrerådet 23.09.2020

Behandling:

Eldrerådet gjekk gjennom vedtaksteksten og har følgjande innspel:



- Skrifta burde ha vore større.
- Kan kontaktinformasjon til pasient- og brukarombud stå i vedtaket?
- All kontaktinformasjon bør uthevast for at det skal vera lettare å sjå.
- Kan avslutta med t.d.: "Hjarteleg velkomen skal du vera!"
- Gå gjennom og gjer språkvask.
- Språket i det nye vedtaket er langt betre enn det gjeldande.

ELD - sak 14/2020 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet har følgjande innspel til språk og tekst i vedtak:

- Skrifta burde ha vore større.
 - Kan kontaktinformasjon til pasient- og brukarombud stå i vedtaket?
 - All kontaktinformasjon bør uthevast for at det skal vera lettare å sjå.
 - Kan avslutta med t.d.: "Hjarteleg velkomen skal du vera!"
 - Gå gjennom og gjer språkvask.
 - Språket i det nye vedtaket er langt betre enn i det gjeldande.
-



Eventuelt:

- Felles møte mellom Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Det er fleire felles saker, m.a. saker som dreiar seg om tilrettelegging og universell utforming. Det er også positivt å verta betre kjende. Det er forslag om å arrangera eit felles møte kvart år, eventuelt i overgangen mellom rådsmøta, og å invitera med ordførar og eventuelt rådmann.
- På kommunestyremøtet 27. oktober skal Agenda Kaupang presentera resultat frå gjennomgangen av helse og omsorg. Leiar oppmodar medlema i Eldrerådet om å stilla på møtet eller følgja det digitalt for å få med seg denne presentasjonen.
- Eldrerådet er opptekne av transportordningar som passar for eldre innbyggjarar. Dette er også eit satsingsområde i "Leve hele livet" og ved utforming av aldersvenleg samfunn. Det vert vist til andre kommunar som har fått til gode løysingar. Eldrerådet ønskjer å ta dette opp som sak på møte når ordførar er til stades.
- Eldrerådet ber sekretær printa ut 3 eksemplar av "Håndbok i aldersvennlige lokalsamfunn" til pensjonistlaga sine styre, d.v.s. 9 totalt.
- Tilrettelegging av tursti sentrumsnært til Dale. Grunneigarar har gitt løyve til å setja ut benkar. Eldrerådet har søkt midlar frå Sparebanken og frå Fagforbundet til innkjøp av benkar, og har fått slikt tilskot. Plassane der benkane skal stå, treng å grusast.